



Bremanger kommune

JournalpostID: 25/2044
Sakshandsamar: Magnhild
Myklebust
Dato: 12.02.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/25	Formannskapet	27.02.2025
003/25	Kommunestyret	20.03.2025

Områderegulering Holmaneset, planid. 202301 - handsaming etter offentlig ettersyn

Vedlegg:

2025-02-13 Plankart
2025-02-19 Føresegner 2B Revidert
Vedlegg 01 Notat planoppstartsmøte Holmaneset 20230206
Vedlegg 02 Merknadsbehandling fra varsel om oppstart med planprogram_2023
Vedlegg 03 ROS-analyse_20240814
Vedlegg 05 Geoteknisk notat_20240206
Vedlegg 06 VAO-rammeplan_20240507
Vedlegg 07 Trafikkanalyse_20240614
Vedlegg 08 Navigasjonsnotat_skipstrafikk_20240814
Vedlegg 11 Konseptrapport for kjøling med sjøvann
Vedlegg 12 Alternativvurdering - Holmaneset FFI
Vedlegg 13 Vurdering av alternative lokasjoner for hydrogen- og ammoniakfabrikk i Bremanger kommune
Vedlegg 14 Faunafokus Notat 21-01-2025
Vedlegg 4a Konsekvensutgreiing rev februar 2025
Vedlegg 4b Vedlegg til KU
Vedlegg 9 MTO for alle grunnarbeid
Vedlegg 10 Vegtegninger
Planomtale revidert februar 2025
Oppsummering av merknader etter offentlig høyring, med kommunen til kommentar, 20. februar 2025 nytt
Samordna fråsegn - Oversending av reviderte plandokument - reguleringsplan - Bremanger 41/1 m fl - Holmaneset - 4648 202301
AcosSvarInn.xml
2025-02-18 Merknadsbehandling HL og FFI.nyttx
Litt info oppfølging etter telefonsamtalen i dag.
2024-12-13 Plankart_planalternativ 2b-A0-L
Omregulering Holmaneset ny
Avtale 202503112 Holmaneset H2 AS
2025-03-14 Planomtale_til sluttbehandling_KST.pdf 14.03
Plansaken er ikkje tilstrekkeleg opplyst(4132357.6)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Områderegulering for Holmaneset planid. 202301, planalternativ 2B med tilhørende føresegner og oppdaterte plandokument, blir vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12.
2. For å redusere ulempene av planen skal det gjerast fylgjande tiltak:
 - Tiltakshavar skal sikre furuskog ved havnivå, med eit betydeleg innslag av 250-300 år gamle tre og med tilknytt sjøareal som også har biologiske verdiar. Alternativt må det sikrast eit lågtliggende skogområde med vesentleg større areal enn skogen som går tapt på Holmaneset.
 - Ved byggjeløyve for oppstart av anleggsarbeid skal det ligge føre økonomisk garanti som sikrar opprydding av området dersom ikkje prosjektet blir fullført.
3. Tiltakshavar skal dekke meirkostnad som kommunen får knytt til behov for oppgradering av beredskapen i kommunen.
4. Reguleringsplan for Holmaneset næringsområde, planid. 201001, blir oppheva.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 27.02.2025

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slik vedtak:

Med fire mot to røyster:

1. Områderegulering for Holmaneset planid. 202301, planalternativ 2B med tilhørende føresegner og oppdaterte plandokument, blir vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12.
2. For å redusere ulempene av planen skal det gjerast fylgjande tiltak:
 - Tiltakshavar skal sikre furuskog ved havnivå, med eit betydeleg innslag av 250-300 år gamle tre og med tilknytt sjøareal som også har biologiske verdiar. Alternativt må det sikrast eit lågtliggende skogområde med vesentleg større areal enn skogen som går tapt på Holmaneset.
 - Ved byggjeløyve for oppstart av anleggsarbeid skal det ligge føre økonomisk garanti som sikrar opprydding av området dersom ikkje prosjektet blir fullført.
3. Tiltakshavar skal dekke meirkostnad som kommunen får knytt til behov for oppgradering av beredskapen i kommunen.
4. Reguleringsplan for Holmaneset næringsområde, planid. 201001, blir oppheva.

Bakgrunn for saka:

Bremanger formannskap gjorde 02.02.2023, sak FSK-010/23, vedtak om å starte opp planprosess for områderegulering for Holmaneset. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for at Fortescue Future Industries (FFI) kan etablere produksjonsanlegg for grønt hydrogen (dvs produsert med fornybar energi) på Holmaneset. I same sak vart det vedteke ein samarbeidsavtale om planarbeidet, mellom kommunen og Norway Fortescue Future Industries AS. Namnet på firmaet er i mai 2024 endra til Holmaneset H2 AS, men organisasjonsnummeret er uendra.

Ein områdereguleringsplan er i utgangspunktet ein kommunal plan, men utarbeiding av planen kan etter avtale skje i samarbeid med private, etter råmer fastsette av kommunen.

I formannskapet 25.04.2023, sak FSK-042/23, (og KST den 27.04.2023) vart det gjort vedtak om planoppstart, og framlagt planprogram vart vedteke lagt ut til offentleg ettersyn. Det inn 36 uttalar til planoppstart og planprogrammet, som i hovudsak var kritiske til planane av

omsyn til tryggleik, naturverdiar, friluftsliv og bulyst. Det vart og stilt spørsmål ved kraftforbruket, og påverknad på kraftsituasjon og kraftprisar.

I formannskapet den 07.09.2023, sak FSK-069/23, vart planprogrammet vedteke med ein del tilleggskrav til utgreiingar, m.a. feltundersøkingar på land og i sjø, og utgreiing av lysforureining. Planframlegget til områdereguleringa er samansett av plankart, planføresegner, planomtale og konsekvensutgreiing med ROS-analyse, og tilhøyrande delrapportar om ulike tema. I formannskapet 17.08.2024, sak FSK-069/24, vart det vedteke å legge planframlegget ut til offentleg ettersyn.

Kommunestyret 20.03.2025:

Handsaming:

Felles framlegg frå gruppeleiarane i V, H, SP, KrF, Norvall Klungresæter, Frank Midtbø, Camilla Landro, Anne Kristin Førde, foreslått av Svein Olav Senneset, Venstre

1. Områderegulering for Holmaneset planid. 202301, planalternativ 2B med tilhøyrande føresegner og oppdaterte plandokument, blir vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12.

2. Det vert lagt til to nye føresegner under punkt 2.12 Dokumentasjonskrav:

f) Før det kan gjevast løyve til igangsetjing av tiltak innanfor planområdet, skal vedtak om konsesjon for nettanlegg vere fatta etter energilova § 3-1 og DSB må ha gjeve samtykke trinn 1 til etablering av anlegget.

g) Saman med søknad om løyve til igangsetjing av tiltak innanfor planområdet skal det følgje ein plan for økologisk kompensasjon. Planen skal ta utgangspunkt i regjeringa sine prinsipp for bruk av økologisk grunnkompensasjon og utarbeidast i samråd med Bremanger kommune. Planen skal beskrive gjennomføring av tiltak for å kompensere for tapet av gamal furuskog som følge av utbygginga innanfor planområdet.

3. Tiltakshavar skal dekke meirkostnad som kommunen får knytt til behov for oppgradering av beredskapen i kommunen, jamfør avtale datert 12.03.2025, som ligg ved saka.

4. Reguleringsplan for Holmaneset næringsområde, planid. 201001, blir oppheva.

5. Administrasjonen får i oppdrag å kontakte aktuelle samarbeidsaktørar for å konkretisere moglegheiter for samarbeidsprosjekt på bruk av spillvarmen ved etablering av fabrikk på Holmaneset. Saka vert lagt fram for formannskapet i første møte etter ferien.

Felles framlegg frå Uavhengig (gamle INP), Arbeidarpartiet ved Nils Jørgen Sagebø, Herborg Eikeland, Leo Cirotzki, Venstre ved Stian Osmundsen, Svein Arne Torvanger, foreslått av Svein Arne Torvanger, Venstre

Områderegulering for Holmaneset, planid. 202301 vert utsett til tiltakshavar har gjennomført «Forskrift om kost-nytteanalyse av mulighetene for å utnytte overskuddsvarme», FOR-2024-09-25-2263.

Den ferdigbehandla Kost-nytte analysa vert lagt til saka ved handsaming av områderegulering for Holmaneset.

Dei nye tillagte dokumenta i saka i dag, og Kost-nytte analysa, vert tatt med i ny saksutgreiing ved handsaming av områderegulering for Holmaneset.

Kommunestyret ber administrasjonen gjennomføre ei ny, grundig alternativanalyse som også

blir vedlagt i ny saksutgreiing ved handsaming av områderegulering for Holmaneset.

Evy Merete Myklebust, Venstre, bad kommunestyret vurdere habiliteten hennar. Kjell Sørland, uavhengig: ueinig i at Myklebust er ugild i saka grunna sak om Tampen i fisk. Dette var ei drøftingssak, det var ikkje gjort vedtak.

Det vart røysta for om Evy Merete Myklebust var ugild. 18 røysta for, 4 røysta imot.

Desse røysta for at Myklebust var ugild:

Ap ved Anne Kristin Førde, Nils Jørgen Sagebø, Herborg Eikeland, Leo Cirotzki, Frank Midtbø, Camilla Landro. Sp ved Magne Kjerpeset, Øyvind Heimtun, Henny Hansen, og Vibeke Kjerpeset. Høgre ved Jorunn Frøyen, Elisabeth Hatlenes og Harry Gulestøl. Uavhengig Norvall Klungresæter. Venstre ved Svein Olav Senneset, Svein Arne Torvanger, HildeMarie Klungreset og Stian Osmunden.

Desse røysta imot at Evy Merete Myklebust var ugild i saka:

Krf ved Stig Bakke, uavhengige ved Kjell Sørland, Kjell Frøyen og Karin Marit Fossheim-Sørland

Åge Senneset, V gjekk inn som vara for Myklebust i saka.

Iselin Kjøsnes og Aksel Myklebust, frå ungdomsrådet, la fram ungdomsrådet sin merknad til saka.

Magnhild Myklebust orienterte i saka.

Spørsmål: Leo Cirotzki, Ap ønska at Magnhild Myklebust skulle kommentert fråsegna frå statsforvaltar.

Magnhild Mykelbust - statsforvaltar rådde ifrå utbygging, men hadde ikkje motsegn.

Samfunnsnytta stor i prosjektet.

Nils Jørgen Sagebø, Ap:

- jobbe for at inngrepa blir minst mogleleg inngripande.
- alle merknadar skulle vurderast og vektast, ei avgjersle skal vere basert på fakta
- viste til regjeringa sin politikk
- ammoniak er ikkje er bærekraftig, blir for dyrt slik at ingen vil kjøpe dette
- tap av naturverdiar dersom ein startar opp utbygging og prosjektet vert stoppa
- ønskjer at venstre redgjer kvifor dei ønskjer utbygging på Holmaneset når dei imot utbygging av Aksla

Svein Olav Senneset, V:

- klimarisa er bakgrunnen for diskusjonen
- menneskeskapte klimaendingar gjer at Noreg har inngått internasjonale avtalar om klimagassutslep. Har eit mål om at Noreg må redusere forbruket med 55% innan 2030
- Noreg har eit særleg ansvar grunna oljeindustrien
- regjeringspartia seier dei vil arbeide for at all energibruk i Noreg skal avkarboniserast. Alt som kan elektrifiserast skal elektifiserast, og anna energi skal bli utsleppsfri gjennom ammoniak og biomasse
- kraftproduksjonen i kommunen bør nyttast lokalt for å skape lokale arbeidsplassar
- skal ta vare på urørt natur, men i noke høve må ein ta i bruk naturen for ta vare på klimaet
- sikkerheit er viktig - må stole på at det er ivareteke
- når det gjeld spillvarme (biprodukt) bør kommunestyret bør jobbe for at næringsareal som ligg omlag 500 meter frå Holmaneset kan nyttast. Ein kan ikkje forvente at dette skal vere på plass på noverande tidspunkt.
- I Ålfoten var der ikkje regulert næringsareal, i mosetnad til på Holmaneset
- forstår at dette vert ei ulempe for innbyggjarane på Dyrstad, dette må vegast opp mot andre moment i saka.
- største utfordringa for Bremanger kommune er den demografiske utviklinga, der folketalet går nedover
- svar på spørsmål til Aksla, vegde samfunnsnytte opp mot klima

Nils J. replikk: Kva fakta ligg til grunn for at dei vil godkjenne planen. Risiko betydeleg.

Svein Olav - ein vurderer fakta ulikt.

Norvall Klungresæter, uavhengig:

- må begrense klimautslepp, det arbeidet må intensiverast
- må ta i bruk utsleppsfrige produkt og begrense utsleppa
- vi må bidra i det grønne skifte

Svein Arne Torvanger, V:

- skal kunne forsyne det norske og europeiske samfunna med grøn energi, bidra i CO2 rekneskaen - dette er positivt
- har ei klimakrise, men har òg ei naturkrise
- gjenbruk av biprodukt burde vore nærare utgreidd, meiner at tiltakshavar overfører ansvaret på kommunen når det gjeld dette. Dette bør vere på plass før ein seier ja til planen.
- kost/nytte undersøkingar frå NVE bude vore gjennomført

Jorunn Frøyen, Høgre:

- har vore grundig reguleringsprosess, tekniske prosessa vert handtert i vidare sakshandsaming
- historisk mogelegheit for Bremanger, grønt skifte, grønt industriløft
- auka inntekter til kommunen gjev utvida handlingsfridom
- ikkje berre sjå på det vi kan miste, må og sjå på det vi kan vinne

Kjell Sørland, uavhengig:

- meiner haldningar til hydrogen og ammoniakk er endra, fleir redarar har lagt vekk dette som drivstoff på båtar og oljeriggar
- må bruke krafta vår her. Har i dag overskot på kraft, om fabrikk vert etablert har vi underskot på kraft.
- ammoniakk er omlag fire gangar dyrare enn fossilt brennsel
- statsforvaltar rådar sterkt imot, bør vege tungt
- påsto at kommunen tok initiativ til fabrikk
- meiner at underskriftslistene ikkje er omtala i saksutgreiinga, listene bør vere eit sterkt signal kvainnbyggjerane meiner i saka

Ordførar svara Kjell Sørland

- Bremanger kommune tok ikkje initiativ til fabrikk. Forklarte korleis det gjekk til
- underskriftene er beskrive i saka. Opplyste om reelle tal frå listene.

Leo Cirotzki, Ap:

- bør finne ein anna lokasjon enn Holmaneset, Smørhamn som alternativ - kvifor er ikkje det området utgreidd
- bør ha ein ide om kva biprodukta skal nyttast til
- bør lytte til dei som bur i Nordgulei dag
- manglar innsyn i risikoanalysa
- bør føreslå rekkefølgekrav, slik statsforvataren føreslår
- dersom det ikkje vert noko av, og det skal ryddast opp -kva betyr opprydding?
- kompensasjon for tap av skog - det vi finn må vere like verdifult

Magne Kjerpeset, Sp:

- bra og konstruktivt arbeid i saka
- har att ei aktiv nei-linje som ikkje fører fram, må prøve å seie ja
- andre vil ikkje etablere seg her grunna "klimaet" rundt denne saka

Kommunedirektør svarar Leo Cirotzki, AP:

Smørhamn var aldri eit alternativ, millom anna grunna innsegling, ikkje så lett tilgjengeleg straum og utfordringar med vatn.

Stig Bakke, Krf:

- olje og gass tek slutt ein gong, må ha alternativ
- fleire firma treng biprodukt, mellom an fiskeindustrien
- arbeider i verksemd der ein båt går på ammoniakk

Nils Jørgen Sagebø, Ap:

- må vurdere risiko, er mykje ein ikkje veit
- bekymra for klima, Noreg er små - bør heller hjelpe til økonomisk i land med kolprouksjon, for å få slutt på denne
- ammoniakk har potensiale
- motstand i to punkt; naturverdiar på Holmaneset og at det er for tidleg med grøn ammoniakk. Ikkje konkurransedyktig på sikt

Norvall Klungresætar, uavhengig, replikk

- Må ned på null utslepp, fort
- Gjenbruk av energi - må ha tankar om kva det skal brukast til

Nils Jørgen Sagebø, AP, replikk

- Seks gangar høgare effekt å redusere kolkraft enn ta i bruk ammoniakk

Elisabeth Hatlenes, H -

- gjev grunnlag for etablering og utviking
- FFI har fagleg kompetanse og hrevna å imøtekome merknadar
- om prosjektet ikkje vert realisert vil området ha stor verdi for andre prosjekt som vil etablere seg
- kompetansearbeidsplassar, viktig for dei unge
- viser at kommunen tek ansvar for eiga utvikling - det er fleire kommunar som ønskjer denne etableringa

Svein Olav Senneset, V:

Ba om gruppeleiar møte.

Svein Olav Senneset la fram nytt revidert framlegg til vedtak frå gruppeleiarane i V, H, SP, KrF, samt Norvall Klungresæter, uavhengig og Frank Midtbø, Camilla Landro, Anne Kristin Førde, Ap.

Nils Jørgen Sagebø, Ap, la fram nytt framlegg til vedtak frå Ap ved Nils Jørgen Sagebø, Herborg Eikeland og Leo Cirotzki, uavhengig Kjell Sørland ,venste Stian Osmundsen og Svein Arne Torvanger.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak fallt.

Det var kome inn to framlegg til vedtak, det vart røysta for dei to framlegga opp mot kvarandre.

Felles framlegg frå gruppeleiarane V, H, SP, KrF, samt Norvall Klungresæter, uavhengig og Frank Midtbø, Camilla Landro, Anne Kristin Førde, Ap fekk 15 røyster.

Desse røysta for:

Venstre ved Svein Olav Senneset , Hilde Marie Klungreset og Aage Senneset. Høgre ved Jorunn Frøyen, Elisabeth Hatlenes og Harry Gulestøl. Senterpartiet ved Magne Kjerpeset, Øyvind Heimun, Henny Hansen og Vibeke Kjerpeset. KrF ved Stig Bakke. Ap ved Frank Midtbø, Camilla Landro og Anne Kristin Førde. Uavhengig Norvall Klungresæter.

Framlegg frå Ap ved Nils Jørgen Sagebø, Herborg Eikeland og Leo Cirotzki, uavhengig Kjell Sørland ,venste Stian Osmundsen og Svein Arne Torvanger, fekk 8 røyster.

Desse røysta for:

Ap ved Nils Jørgen Sagebø, Herborg Eikeland og Leo Cirotzki. Uavhengig Kjell Sørland , Kjell Frøyen og Karin Marit Fossheim-Sørland. Venstre ved Stian Osmunds og Svein Arne Torvanger.

KST- 003/25 Vedtak:

Med 15 mot 8 røyster:

1. Områderegulering for Holmaneset planid. 202301, planalternativ 2B med tilhørende føresegner og oppdaterte plandokument, blir vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12.

2. Det vert lagt til to nye føresegner under punkt 2.12 Dokumentasjonskrav:

f) Før det kan gjevast løyve til igangsetjing av tiltak innanfor planområdet, skal vedtak om konsesjon for nettanlegg vere fatta etter energilova § 3-1 og DSB må ha gjeve samtykke trinn 1 til etablering av anlegget.

g) Saman med søknad om løyve til igangsetjing av tiltak innanfor planområdet skal det følgje ein plan for økologisk kompensasjon. Planen skal ta utgangspunkt i regjeringa sine prinsipp for bruk av økologisk grunnkompensasjon og utarbeidast i samråd med Bremanger kommune. Planen skal beskrive gjennomføring av tiltak for å kompensere for tapet av gamal furuskog som følge av utbygginga innanfor planområdet.

3. Tiltakshavar skal dekke meirkostnad som kommunen får knytt til behov for oppgradering av beredskapen i kommunen, jamfør avtale datert 12.03.2025, som ligg ved saka.

4. Reguleringsplan for Holmaneset næringsområde, planid. 201001, blir oppheva.

5. Administrasjonen får i oppdrag å kontakte aktuelle samarbeidsaktørar for å konkretisere moglegheiter for samarbeidsprosjekt på bruk av spillvarmen ved etablering av fabrikk på Holmaneset. Saka vert lagt fram for formannskapet i første møte etter ferien.

Formannskapet 27.02.2025:

Handsaming:

Fellesforslag frå Kjell Sørland og Nils-Jørgen Sagebø, foreslått av Nils Jørgen Sagebø, Arbeiderpartiet

1. Saka vert utsett.

2. Formannskapet viser til brev datert 26.02.2025 frå Harris Advokatfirma AS på vegne av 16 grunneigarar. Kommunedirektøren vert beden om å gjere ei vurdering av innhaldet i brevet i høve saka.

Evyr Merete Myklebust, Venstre, ber om at formannskapet vurdere hennar habilitet, ho grunnar dette. Formannskapet fann at ho var utgild.

Brev frå Harris advokatfirma vart tatt opp i møtet. Fleirtalet i formannskapet fann at ein ikkje kunne sjå at brevet inneheld ny informasjon eller moment som ikkje allereie er svara ut i saksutgreiing eller saksdokument.

Kjell Sørland stilte spørsmål om Jorunn Frøyen og Anne Kristin Førde er innhabile i saka. Han grunnar dette.

Formannskapet fann at Jorunn Frøyen og Anne Kristin Førde er gilde i saka.

Handsaming:

Magnhild Myklebust presenterte saka.

- Det regulerte området kan ikkje nyttast til anna enn hydrogen/ammoniakproduksjon.

Dette kom fram i saka:

Mot :

- Usikker på om fordelane er størret enn ulempene.
- Viste til statsforvaltar sitt innspel i saka. Sjølv om det ikkje er motsegn rår dei ifrå godkjenning av områderegulering.

- Bør utsetje saka.
- Vi har ikkje den krafta som trengst
- Ikkje lagt fram tal på arbeidsplassar
- Grøn ammoniakk er for dyrt i forhold til anna drivstoff
- For dyrt å utvikle
- Ikkje marked for bruk av grøn ammoniak

For:

- Tiltakshavar har fått tilsagn om kraft.
- FFI i har redusert området etter innspel.
- dsb skal vurdere sikkerheiten for området.
- Statsforvaltar meiner at positive ringverknadar av etableringa er større enn ulempene, difor ikkje motsegn.
- Området er regulert som industriområde
- Stor samfunnsnytte
- Arealkompensasjon er kome på plass
- Bulyst
- Nasjonal interesse for dette
- Ny utvikling er alltid dyr

FSK bør stille vilkår/krav om bruk av spillvarme og utbetring av veg i området.

Utetjingsforslag frå Nils Jørgen Sagebø, Ap og Kjell Sørland, uavhengig.

Det vart røyste for framlegget om utsetjing frå Sagebø og Sørland.

To røysta for - Ap: Nils Jørgen Sagebø. Uavhengig representant: Kjell Sørland.

Fre røysta mot - Ap: Anne Kristin Førde, Sp. Magne Kjerpeset, Høgre: Jorunn Frøyen og Venstre: Svein Olav Senneset

Framlegget om utsetjing vart forkasta, med fire mot to røyster.

Det vart røysta for kommunedirektøren sitt forslag:

Desse røysta for - Ap: Anne Kristin Førde, Sp. Magne Kjerpeset, Høgre: Jorunn Frøyen og Venstre: Svein Olav Senneset

Desse røysta mot - Ap: Nils Jørgen Sagebø. Uavhengig representant: Kjell Sørland.

Framlegget frå kommundirektør vart vedteke med fire mot to røyster.

FSK- 018/25 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slik vedtak:

Med fire mot to røyster:

1. Områderegulering for Holmaneset planid. 202301, planalternativ 2B med tilhøyrande føresegner og oppdaterte plandokument, blir vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12.

2. For å redusere ulempene av planen skal det gjerast fylgjande tiltak:

-Tiltakshavar skal sikre furuskog ved havnivå, med eit betydeleg innslag av 250-300 år gamle tre og med tilknytt sjøareal som også har biologiske verdier. Alternativt må det sikrast eit lågtliggende skogområde med vesentleg større areal enn skogen som går tapt på Holmaneset.

- Ved byggjeløyve for oppstart av anleggsarbeid skal det ligge føre økonomisk garanti som sikrar opprydding av området dersom ikkje prosjektet blir fullført.

3. Tiltakshavar skal dekke meirkostnad som kommunen får knytt til behov for oppgradering av beredskapen i kommunen.

4. Reguleringsplan for Holmaneset næringsområde, planid. 201001, blir oppheva.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Plan- og bygningslova

Saksopplysningar:

Planframlegga til områderegulering Holmaneset (alternativ 2A og 2B) låg ute til offentlig ettersyn i perioden 6.september til 31.oktober 2024. Det vart halde ope møte om planframlegga på Svelgen samfunnshus 21.oktober 2024, og open kontordag på Rådhuset 22.oktober. I tillegg har det vore fleire folkemøte om temaet, og FFI har hatt opne kontordagar i Svelgen, der dei som ynskjer kunne få meir informasjon om prosjektet.

Det er komme inn totalt 86 høyringsuttalar, 75 frå privatpersonar, organisasjonar og verksemdar og 11 frå offentlig mynde. Nokon personar og organisasjonar har sendt fleire merknader. Merknadane er i hovudsak knytt til naturmiljø, friluftsliv, tryggleik, val av lokalisering, energiforbruk og bulyst. I fleire av merknadane er det påpeika manglar ved konsekvensutgreiing og ROS-analyse. Ei oversikt over innkomne merknader er vedlagt saka. Nokre av merknadane er så omfattande at det ha vore vanskeleg å samanfatte dei, og dei må lesast for å få med alle detaljar. Merknadane kan sjåast i sin heilskap i innsynsløysinga på heimesida til kommunen. Dokumentnummer går fram av merknadsoversikta. Forslagsstillar og plankonsulent har også gått gjennom merknadane, og kommentert desse i dokumentet «Merknadsbehandling – Områderegulering av hydrogen- og ammoniakkanlegg på Holmaneset i Bremanger kommune» som er lagt ved saka. Dette dokumentet utfyller kommunen sine kommentarar til merknadane.

Fiskeridirektoratet fremja 18.10.2024 motsegn til planen då dei vurderte at planen ikkje hadde nødvendige føresegnar som sikrar mot negativ påverknad på kysttorsken sin gytesuksess. Området er etter deira vurdering eit viktig økologisk funksjonsområde for kysttorsk i regionen, basert på registrerte fiskeriinteresser som gytefelt, ålegrassamfunn og større tareskogförekomst. Tiltak i sjø som medfører utslepp, spreiring av finpartiklar eller støy/vibrasjonar i dette området kan difor medføre negative konsekvensar for kysttorskbestanden. Gytefelt er nøkkelområder for reproduksjon av kysttorsk, og for å sikre kysttorsken sine mogelegheiter til gytesuksess meiner Fiskeridirektoratet at det er viktig at planen har rammer som sikrar at den negative påverknaden på gytefeltet blir så låg som mogeleg. Dei ber om at føresegna vert endra slik at perioden der utfylling/spreiring i og nær sjø ikkje kan utførast utan avbøtande tiltak vert utvida til 1.januar til og med 15.juni, for å ivareta kysttorsken sitt høve til gytesuksess i dette regionalt viktige gytefeltet. Dei presiserer at forutsetninga for å kunne opne for tiltak i sjø i denne perioden må vere at det vert gjennomført ei nærare risikovurdering av tiltaket sine effektar på ressursområdet til kysttorsken (i samband med søknad om løyve etter forureiningslova), og at det kan dokumenterast at avbøtande tiltak vil kunne redusere effektane av tiltaket til å vere innanfor akseptable tolegrensar for påverknad. Sidan tiltaket er i eit gytefelt i eit avgrensa fjordsystem ser Fiskeridirektoratet det som viktig at det, der det er risiko for negativ påverknad på marint miljø, vert sett i verk avbøtande tiltak i heile anleggsfasen. Dei vurderer elles ikkje tapet av tareskog i planlagt utfyllt område til å gå vesentleg utover det økologiske funksjonsområdet for kysttorsken. Etter dialog og forslag om endring av føresegnene har Fiskeridirektoratet trekt motsegna si, jf. tilbakemelding 02.12.2024.

I høve utslepp av oppvarma kjølevatn vurderer Fiskeridirektoratet det som viktig at tiltaka som er skildra for å sikre låg grad av kontinuerleg påverknad på marineressursar og marint miljø, vert følgt opp vidare. Generelt vil dei tilrå at tiltakshavar nyttar relevant kompetanse i prosjekteringa ved tiltak i sjø, slik at omsynet til marint liv vert ivareteke, og dei ber om konkrete endringar av ordlyden i føresegnene. I høve rekefeltet nord for planområdet skriv dei at planen må ta omsyn til moglegheitene for å utøve fiske i dette rekefeltet, dersom rekebestanden i området tek seg opp igjen.

Vestland fylkeskommune hadde i si fråsegn 31.10.2024 administrativ motsegn til planen, knytt til manglande frisiktlinjer i beredskapsavkøyrslar i planalternativ 2b. Motsegna vart trekt etter godkjent fråvikssøknad, jf. tilbakemelding 07.01.2025. Fylkeskommunen sakna elles synleggjering av føringane i dei regionale planane «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024»,

«Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion» og «Regional plan for klima 2022-2035». Spesielt har den regionale planen for klima plantema som er relevante for dette planarbeidet. Dei rår også til at det vert synleggjort betre korleis dei avbøtande tiltaka er følgt opp i føresegnene til planen. I høve målet i klimaplanen om å redusere klimafotavtrykket ved å ta vare på ressursane gjennom sirkulære løysingar, påpeikar dei at planen i større grad må vurdere bruk av overskotsvarme framfor å sleppe det ut i fjorden. Dei stiller spørsmål ved om det er sett av nok areal til at denne ressursen kan utnyttast. I høve næringsutvikling skriv fylkeskommunen at planlegginga for industriarealet Holmaneset står opp om Vestlandet sine overordna målsetjingar og planar for regional utvikling. Vestlandet har verdas leiande fagmiljø innan grøn skipsfart og energien frå Holmaneset er sentral i verdikjeda for å kunne utvikle meir miljøvenlege skip frå rederia. I høve kulturminne kjem eit aktivitets- og busettingsområde (id 317534) som er freda etter kulturminnelova direkte i konflikt med tiltaket fordi det ligg midt inne i planlagt næringsføremål. Universitetsmuseet i Bergen peikar på at denne lokaliteten framstår som godt bevart. Sidan det er påvist få lokalitetar frå steinalder i landskapet mellom Skatestraumen/Vingen i nord og Florelandet i sør, meiner dei det vil vere interessant å undersøke omsøkte kulturminne for å auke kunnskapen om steinalder i dette området. Universitetsmuseet i Bergen tilrår at det blir gitt dispensasjon frå kulturminnelova for denne lokaliteten, med vilkår om at det først blir gjennomført arkeologiske undersøkingar. For denne eine lokaliteten vurderer fylkeskommunen derfor samfunnsinteressene som større enn bevaring. Fylkeskommunen har eit klart krav til ordlyd i føresegnar for lokaliteten som skal utgravast, og vil ha motsegn til planen dersom ikkje denne teksten vert teken inn. Vedtak om omfanget av granskinga kan ikkje gjerast før reguleringsplanen er endeleg vedteken. Det er tiltakshavar som må ta kostnadane med utgravinga, og i forslaget er denne vurdert å koste inntil kr 2,385 mill. kr. Fylkeskommunen ynskjer at dei automatisk freda kulturminna på Storeholmen, som ligg som bandlagt kulturminne H730 i plankartet, i tillegg skal ha ei omsynssone kulturmiljø H570 som dekkjer heile Storeholmen.

Statsforvaltaren i Vestland fekk utsett medverknad etter dialogmøte 25.10.2024, der dei informerte om at dei ville komme med motsegn til planen slik den då låg føre. Statsforvaltaren hadde i si førebelse samordna fråsegn 7.november 2024 vesentlege merknader til planframlegget, og at meinte dette området med så store natur- og miljøverdiar ikkje er rette staden å etablere eit så arealkrevjande anlegg. Dei påpeika feil og manglar ved KU, at 0-alternativet i konsekvensutgreiinga var feil og at det ikkje var gjort tilstrekkeleg alternativvurdering, og dei stilte spørsmål ved om det faktisk er mulig å unngå negativ påverknad på sjøbotn og marine naturtypar i Holmasundet. Statsforvaltaren såg det også som viktig at planen set tydelege grenser og rammer for m.a. massehandtering, støy (også i anleggsfasen) og andre nærmiljøtema.

I Statsforvaltaren si endelege fråsegn, datert 19.02.2025, viser dei til dei store naturverdiane som vil gå tapt, og rår sterkt frå å gå vidare med planane for utbygging av Holmaneset, utan at dei fremjar motsegn. Statsforvaltaren vurderer at justeringar som er gjort i plankart og føresegnar gjev noko forbetringar av planforslaget. Dei viser til at samfunnsnyttan av utbygginga i form av reduserte utslepp av klimagassar er rekna til å vere stor, og at planen såleis er i samsvar med nasjonale mål om grøn omstilling. Etableringa av anlegget er også vurdert gjennom konsekvensutgreiinga til å gje positiv påverknad på lang sikt for m.a. befolkningsvekst, attraktivitet og lokal næringsverksemd i Bremanger. Samtidig som etableringa av anlegget gjennom KU er vurdert å gje positive verknader for kommunen, vil den planlagde utbygginga øydelegge eit skogområde som er av dei eldste kystskogane som er kjent i fylket. Statsforvaltaren meiner også at det vil vere stor fare for at dei viktige marine naturverdiane i Holmasundet vert skada, både gjennom anleggsfasen og ved seinare drift av anlegget med store skip til og frå kai. Dei viser til at området har nasjonalt viktige naturverdiar, og konsekvensane for naturmangfaldet av ei utbygging vil bli så omfattande at det etter gjeldande retningsliner er grunnlag for å fremje motsegn. Statsforvaltaren meiner framleis at alternativvurderingane ikkje er god nok, og skriv at klimaeffekten av eit anlegg for grøn energi, som denne planen legg opp til, ikkje avhengig av ei etablering på dette konkrete arealet. Statsforvaltaren meiner slike anlegg bør planleggast i eit heilskapleg og

regionalt/nasjonalt perspektiv. Dei ser det også som ein klar mangel ved planen, og ved lokaliseringa av anlegget, at gjenbruk av overskotsvarme og -oksygen og arealbruken rundt dette ikkje er nærare avklart. Statsforvaltaren held fast på at eit rekkjefølgjekrav som sikrar at det ikkje vert starta terrengarbeid før alle avklaringar er gjort og det er endeleg avklart at det viktige tiltaket kan realiserast, vil vere heilt vesentleg for å sikre mot øydelegging av svært store naturverdiar, dersom prosessen skulle stoppe opp. Dei viser til at tiltaket krev konsesjon frå NVE for straumforsyning, godkjenning frå DSB og løyve etter forureiningslova, og legg til grunn at det vert lagt inn eit rekkjefølgjekrav som sikrar at det ikkje vert starta terrengopparbeiding før alle løyve og avklaringar er på plass. Statsforvaltaren meiner at buffersona mellom industriarealet og Holmasundet må vere breiare for å kunne sikre sundet mot negativ påverknad, spesielt i nord der sona på det smalaste berre er 8-10 m. Dei ber kommunen ta stilling til og sikre at massehandtering, bruken av overskotsvarme, støy og andre miljøulempar er godt nok vurdert, avklart og ivareteke i planen. Statsforvaltaren minner om at kommunen må sjå til at det går klart fram av planen med føresegner kva tiltak som må vere på plass for å ivareta tilfredsstillande tryggleik, som t.d. branntryggleik. Dei har elles mindre merknader til justeringar som bør gjerast i føresegnene.

Merknadane frå privatpersonar og organisasjonar gjeld i stor grad ulemper for eigen eigedom, konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv og landskap, i tillegg til bekymring for tryggleik. Ein del meiner at konsekvensane av tiltaket er for dårleg utgreidd, at alternative lokaliseringar burde vore betre utgreidd og at det ikkje er tilstrekkeleg vurdert og informert om tryggleiken ved eit slikt anlegg.

Etter høyringsperioden er det gjort ein del endringar i planen, for å imøtekomme merknadane, spesielt knytt til instansane som har fremja motsegn til planen. Deler av konsekvensutgreiinga for naturmangfald på land er gjennomgått på nytt, og det er gjort nærare aldersbestemming av skogen på Holmaneset. Denne viser at skogen på heile neset kan definerast som naturtypen «Gammel furuskog med gamle trær» (naturtype C11.2), og såleis blir denne slått saman til eitt delområde. Dette gjer at verdisetjinga av området aukar frå «stor verdi» til «svært stor verdi». Det samanslåtte området er vurdert å bli «noe forringet» i høve til 0-alternativet (reguleringsplanen frå 2010) på grunn av påverknader frå prosjektet. Konsekvensane av prosjektet vert framleis betydelege (betydeleg konsekvens (--) /middels konsekvens (--)) for dette delområdet. Samla konsekvens (samanlikna med 0-alternativet) for naturmangfald på land er «noe negativ konsekvens». I høve dagens tilstand vil dette delområdet bli sterkt forringa av prosjektet, og konsekvensgraden blir då «svært alvorlig konsekvens (----)». Dette gjer at prosjektet får «svært stor negativ konsekvens» for naturmangfald på land i høve dagens situasjon, samla sett.

Som ei fylgje av merknader om at det manglar utgreiing av alternative lokaliseringar for anlegget har tiltakshavar supplert planforslaget med eit notat som gjer meir detaljert greie for dei vurderingane Fortescue gjorde før val av Holmaneset. Notatet supplerer planomtalen og viser kva alternativvurderingar Fortescue i har gjort i forkant av planinitiativet på Holmaneset, og det seinare utgreiingsarbeidet fram til planforslag. Føremålet med vurderingane har vore å identifisere det best eigna tilgjengelege arealet med omsyn til miljøverknadar og tekniske kriteria, og det som må til for å oppfylle det sentrale behovet til prosjektet. Ranginga deira viser at Holmaneset samla sett kom ut som det mest relevante og realistiske lokalisering-alternativet. Bremanger kommune har også i tillegg utarbeidd ei overordna vurdering av dei alternative lokaliseringane som har vore trekt fram. Blant anna er det hevda i fleire av merknadane at Ålfoten og Smørhamn står fram som betre lokaliseringalternativ enn Holmaneset, og at val av ei anna lokalisering kunne ha bidratt til å redusere negative konsekvensar for miljø og samfunn. Ei samanstilling av konsekvensane for miljø- og samfunnstema viser at ei lokalisering i Smørhamn ville ha mindre konsekvensar for naturmiljø, kulturmiljø, landskap og friluftsliv, men at andre omsyn som tilgang på straum og innseglingsforhold gjer området ueigna. Ei lokalisering i Ålfoten ville m.a. gje større konsekvensar for landbruk og jordvern, og området er ueigna på grunn av infrastrukturen (eit fabrikkianlegg med kai vil m.a. stenge vegtilkomst til kraftstasjonar i Åskora og Øksenelvane).

Vurdering:

Det vart lagt fram to planalternativ til offentleg høyring. Tiltakshavar har konkludert med at dei ynskjer å trekkje planalternativ 2 A og at det er planalternativ 2 B med hovudtilkomst frå Holmaneset og beredskapstilkomst frå Djupevika, med redusert fylling i Djupevika, som skal slutthandsamast. Det er kommunen som planmynde som avgjer kva planframlegg som skal handsamast, men med unntak av merknad frå Bremanger Venstre kan vi ikkje sjå at høyringsuttalane skil mellom dei to alternativa. Venstre vurderer planalternativ 2A med administrasjonsbygg plassert inst i Djupevika som best med omsyn til vegløyning, parkeringsplassar, nærleik til anna næringsareal på austsida av Djupevika og i Tretteskjervik, med meir. I høve tilrettelegging for verksemd som kan nyttiggjere seg biprodukt frå ammoniakkproduksjonen ville planalternativ 2 A vere positivt ved at det kunne gje betre samband mellom dei to næringsområda. Sjølv produksjonsanlegget vil likevel ligge lenger vest på Holmaneset, og såleis vil dei to planalternativa likevel skilje lite når det gjeld transportlengde for biprodukt frå produksjonen til eventuell næringsverksemd i Tretteskjervika. Dersom industriarealet kunne trekkjast lenger mot aust, slik at areal vest og nord på neset kunne skjermast ville nokon av dei negative verknadane kunne bli redusert, men dette er vurdert å ikkje vere mulig. Planarbeidet er knytt opp mot det konkrete prosjektet, og det vil ha lite føre seg for kommunen å slutthandsame planalternativet som ikkje er aktuelt for utbyggjar (alt. 2 A). Det er difor planalternativ 2 B som blir lagt fram til slutthandsaming.

I planprosessen vart gjeldande reguleringsplan for Holmaneset lagt til grunn for vurdering av konsekvensane av tiltaket (0-alternativ), sidan ein såg det som den mest sannsynlege utviklinga av området. Dette er også i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941: «Nullalternativet skal beskrive den sannsynlige utviklingen av området dersom planen eller tiltaket ikke blir gjennomført.» (pkt. 1.1.1). Gjennom planprosessen er det komme fram ny kunnskap, både knytt til naturmiljø, kulturminne og graden av engasjement for området. Ut frå dette ville kanskje den mest sannsynlege utviklinga av området vere at det vart liggande som i dag, slik at ein bør vurdere konsekvensane opp mot dagens situasjon. I konsekvensutgreiinga (vedlegg 1) var konsekvensane av planframlegget i høve dagens situasjon vurdert for relevante tema (naturmangfald, landskap, kulturarv, friluftsliv) der resultatet vert annleis enn ved samanlikning mot reguleringsplanen frå 2010 (0-alternativet). I denne vurderinga av planframlegget vert det difor teke utgangspunkt i konsekvensane sett opp mot dagens tilstand. Tabellen under viser konsekvensane av planframlegget som vert slutthandsama (alternativ 2B) opp mot dagens tilstand på området.

Miljøtema	Alternativ 2b
Terrestrisk biologisk mangfold	Svært stor negativ konsekvens
Marin økologi	Noe negativ konsekvens
Landskap	Middels negativ konsekvens
Kulturarv	Middels negativ konsekvens
Friluftsliv	Middels negativ konsekvens
Naturressurser	Lav negativ konsekvens
Støy	Ingen konsekvens
Utslipp til luft	Ingen konsekvens
Forurenset jord	Ingen konsekvens
Utslipp av klimagasser	Stor positiv konsekvens
Samlet innvirkning	Stor negativ konsekvens
Rangering	1

Reguleringsplanen vil få svært store negative konsekvensar for naturmangfald på land, sett opp mot dagens tilstand, og noko negativ konsekvens for naturmangfaldet i sjø.

Dei store konsekvensane for naturmangfald på land (terrestrisk biologisk mangfold) skuldast direkte verknad av arealbeslaget og at det meste av vegetasjon, naturtypar og økosystemfunksjonar innanfor området vert fjerna. Det er vanskeleg å avbøte dette, men undersøkingar som Faunafokus har gjort på vegne av tiltakshavar viser at det truleg er større område med naturtypen «gammal furuskog» i nærområdet. Tiltakshavar har intensjon om å kompensere for naturen som går tapt ved «økologisk kompensasjon». Økologisk kompensasjon inneber at den ansvarlege for ei utbygging som øydelegg eller skadar verdifull natur, kompenserer for denne øydelegginga eller skaden. Kompensasjonen vert gjennomført ved å restaurere, etablere eller verne natur av same type på ein annan stad enn det som direkte vert råka av utbygginga, for å avgrense netto tap av verdifull natur. Økologisk kompensasjon er lite brukt i Noreg, og sjølv om det vert trekt fram som eit viktig verktøy for å motverke tap av natur er det ikkje noko juridisk rammeverk kring dette. Det er usikkert om plan- og bygningslova gjev heimel til å krevje økologisk kompensasjon gjennom rekkefylgjeføresegner, men i dette tilfellet er dette noko tiltakshavar er innstilt på å gjere uansett.

Statsforvaltaren vurderer økologisk kompensasjon som positivt, men viser til at det må vere reell kompensasjon ved at tilsvarande naturområde blir sikra for framtida. I dette tilfellet må det sikrast furuskog ved havnivå, der minst halvparten av trea er godt over 200 år og med eit betydeleg innslag av 250-300 år gamle tre. For å kompensere fullt ut for tapet av dei unike kvalitetane ved Holmaneset, der både terrestre og marine naturverdiar er samla på ein stad, må kompensasjonsområdet også ligge ved sjøen, knytt til sjøareal med betydelege biologiske verdiar. Dersom denne kombinasjonen viser seg umogleg å finne, meiner Statsforvaltaren at dette må kompensast med eit lågtliggende skogområde som er betydeleg større enn skogen på Holmaneset. Dei viser til at det i ei av dei få kompensasjonssakene som er gjennomførte i Noreg (Åkersvika), blei pålagt å finne kompensasjonsareal som var 3-4 gonger større enn det som gjekk tapt.

Når det gjeld omsynet til marin økologi, spesielt ålegrasenga i Holmasundet og kysttorsken sitt økologiske funksjonsområde, er det teke inn krav om avgrensingar i anleggsperioden og avbøtande tiltak i føresegnene for å redusere negative verknader. Tiltakshavar har skissert planar for miljøoppfølging m.a. at det skal vere siltgardiner i Olavika, og mot Holmasundet i dei områda terrenget skal hevast. Utsprenging av området skal skje slik at arealet drenerer mot aust, der det skal vere sedimentasjonsbasseng, og fylling i Olavika skal skje ved etablering av ein sjetè før utfylling (i bakkant) for å redusere utsleppet av finpartiklar til sjø. Det vil også bli gjort overvakingar i anleggsperioden for å sikre at dei avbøtande tiltaka fungerer slik dei skal. Endelege planar for anleggsgjennomføring og miljøoppfølging skal godkjennast av kommunen før eit eventuelt rammeløyve for tiltaket, og i samband med søknad om løyve til fylling i sjø etter forureiningslova vil det også bli stilt klare krav til risikovurdering og oppfølging i anleggsfasen. Tiltakshavar har vurdert ytterlegare reduksjon av industriarealet mot vest og nord, men slik anleggskonseptet er no er dette ikkje mulig. Sjølv om planen gjev til å gjere inngrep i det regulerte industriarealet inntil vegetasjonsskjermen i vest og naturområdet i nord, må det likevel gjennom detaljprosjektering og utbygging av anlegget forsøkast å redusere arealinngrepa mot vest og nord så langt det er mulig.

Statsforvaltaren meiner at plasseringa av anlegget er feil ut frå dei store naturverdiane i området, og saknar tilstrekkeleg vurdering av alternativ. Dei viser m.a. Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging 2023-2027, der det går fram at areal- og energikrevjande anlegg bør planleggast i eit heilskapleg og regionalt/nasjonalt perspektiv. Pr. no er det ikkje regionale/nasjonale planar som avklarar plassering av slike anlegg, og det er Bremanger kommune som planmynde som må vurdere arealbruken i eigen kommune. I dette tilfellet er det Holmaneset som er det aktuelle området for slik verksemd, og som

kommunen må ta stilling til om det skal byggjast ut til dette føremålet eller ikkje. Det er ein svært liten del av kommunen som er utbygt frå før, og vi har ikkje eksisterande industriareal som kan gjenbrukast eller andre regulerte område som har tilstrekkeleg storleik eller er eigna for føremålet. Det er såleis ikkje andre relevante og realistiske alternativ som kan utgreiast, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta §19 og rettleiar M-1941 kap. 1.1.2. Alternativet vil då vere å ta i bruk annan urørt natur eller dyrka jord, som også er i strid med nasjonale føringar.

Planen vil få middels negative konsekvensar både for kulturmiljø og landskap, samanlikna med dagens tilstand. Verknadane på kulturmiljø skuldast i hovudsak endringa av landskapet på Holmaneset, og dei negative verknadane er i stor grad knytt til kulturmiljøet på Dyrstad, som er vurdert å ha stor verdi og bli forringa av tiltaket på grunn av visuell påverknad. Fleire av dei mest omfattande merknadane til planframlegget kjem frå grunneigarar, fastbuande og hytteeigarar på Dyrstad-Nesbø-sida av fjorden. I nokon av dei innkomne merknadane er det påpeika at konsekvensutgreiinga ikkje har teke høgde for at tiltaket kan medføre fråflytting frå Dyrstad-Nesbø-området, som igjen vil gå ut over kulturlandskapet. Slike effektar er vanskelege å forutseie, og vert ikkje teke med ved vurdering av konsekvensar etter vanleg metodikk. Det er vanskeleg å gjere avbøtande tiltak som vil redusere konsekvensane for kulturmiljøet i vesentleg grad, men ved å behalde mest mulig av vegetasjonen, bruke fargar som er tilpassa bakgrunnen (fjell og skog) og avgrense lyssetting/bruke lys som vender nedover, vil dei visuelle verknadane av anlegget kunne dempast. I føresegnene til planen er det sett krav til dette. Å trekkje planområdet lenger mot Djupevika i aust vil kunne redusere dei visuelle verknadane for kulturmiljøa på Eikeland, Mulehamn og Gulestøa, forutsatt at dette medførte at industriarealet vart trekt tilbake frå den nordlege delen av neset, men kulturmiljøet på Dyrstad vil uansett få negative visuelle verknader av tiltaket.

Mange av merknadane er knytt til tap/ redusert verdi av Holmanset og Holmane som friluftsområde. Det vert vist til kommunestyrevedtaket for arealdelen til kommuneplanen (KPA 2024-2032) 15.10.2024, og det er fleire som meiner at det vart vedteke at det skal vere fri ferdsel i Holmasundet, og at planforslaget er i strid med dette. Dette stemmer ikkje. I kommunestyrevedtaket, sak KST-077/24, står det at: «Bandleggingssona og næringsområdet ved Holmaneset vert redusert tilsvarande det som ligg i planforslaget frå tiltakshaver, der Medholmen, Storholmen og sundet ikkje er med». Planframlegget er i samsvar med dette.

Restriksjonar knytt til ferdsel og opphald skal ikkje bli meir omfattande enn det som er nødvendig av tryggleikssyn. I indre sone (omsynssone faresone), som omfattar Holmasundet og ein mindre del av Storeholmen, er ønskeleg å avgrense varig opphald, men normal småbåttrafikk (kortvarig forbi-passering) vil kunne vere tillate, jf. tilbakemelding frå DSB. Omsynssonene kring anlegget er definert ut frå den kvantitative risikoanalysen (QRA) som er gjennomført for anlegget, i samsvar med DSB sin rettleiar. Midtre og ytre omsynssone ut frå QRA er avsett som faresone H350 «Sone for tryggleik kring storulukkeverksemd» i arealdelen til kommuneplanen. Denne sona omfattar heile Storeholmen og Holmasundet. Etter DSB si vurdering er det som hovudregel ikkje grunnlag for å forby sporadisk telting i utmark i denne sona, og det vil såleis ikkje bli vesentlege restriksjonar for friluftslivet.

Fleire merknader etterspør kva som er lagt til grunn ved vurdering av verdi og påverknad i konsekvensutgreiinga for tema friluftsliv. Plankonsulentane har i vurderinga lagt Miljødirektoratet sin metode for konsekvensutgreiing (M-1941) med verdikriterietabellar til grunn. Det er grundig omtalt i konsekvensutgreiinga kap. 6.8 kva som er lagt til grunn ved vurdering av influensområde, inndeling i delområde og verdi- og påverknadsvurdering av dei ulike delområda. Prosjektområdet vil vere synleg frå eit stort område. For friluftsliv er derfor influensområdet definert med omsyn til kva friluftslivsområde prosjektet vil vere synleg frå, vurdert ut frå teoretiske berekningar av synlegheit. Influensområdet omfattar Nordgulen, Svelgen og fjellområda rundt prosjektområdet, og er delt inn i fleire delområde for å kunne vurdere verdien og påverknad av prosjektet og kva konsekvens det vil ha i dei ulike delane av området. Holmaneset inngår i delområde 6 – Nordgulen, som er definert til å ha «stor

verdi».

Friluftsverdiane er vurdert til å bli «noe forringet» for det aktuelle planalternativet, samanlikna med 0-alternativet (reguleringsplanen frå 2010). Samanlikna med dagens tilstand vil planframlegget gje middels negativ konsekvens for friluftsliv.

For å tydeleggjere at det ikkje skal utførast tiltak i Holmasundet er planføremålet endra frå hamneområde i sjø til «Bruk og vern av sjø og vassdrag» med underføremål «Natur».

I nokon av merknadane er det stilt spørsmål ved konsekvensvurderinga til arealdelen av kommuneplanen og endringar i vurderingane som er gjort frå 2. til 3. høyring av planen. Vurdering av konsekvensane for naturmangfald, friluftsliv, landskap etc. er ikkje endra frå 1. til 3.gongs høyring av arealplanen, sjølv om planlagt bruk av området har blitt endra. Vurderinga knytt til overordna arealstrategi er i stor grad knytt opp mot formålet, og vil naturleg nok endrast ut frå dette. Dette påverkar også totalvurderinga/konklusjonen. Konsekvensane for folkehelse og barn og unge sine oppvekstvilkår er reduserte frå 2. til 3. gongs høyring (frå middels negativ konsekvens til noko/utebetydeleg konsekvens), då dette vart vurdert som riktig. I dei første vurderingane var konsekvensane for folkehelse og barn og unge sine oppvekstvilkår direkte knytt til verknaden for friluftsliv, og sjølv om friluftsliv kan vere ein viktig faktor er det ikkje berre friluftsliv som påverkar folkehelse og born og unge sine oppvekstvilkår. Planføremålet medfører ikkje tap av tilrettelagde friluftslivs- eller aktivitetsområde, verken for folkehelse eller for barn og unge, og det er gode høve til friluftsliv elles i området. Kva som er riktig verdi og påverknad for desse temaa er vanskeleg å fastsetje eksakt, men det vart vurdert som feil at ei utbygging av dette området ville ha større negative konsekvensar for folkehelsa og barn og unge sine oppvekstvilkår, då det er lite busetnad i nærområdet til tiltaket. Ved kartlegging av friluftsområda i kommunen som vart fullført i 2022, etter offentleg høyring, var området ved Holmane/Holmaneset berre meldt inn/registrert som viktig friluftsområde for dykking.

I dei fleste merknadane er det uttrykt uro for risikoen i samband med handtering av ammoniakk og potensialet for ulukker ved anlegget. Det vert stilt spørsmål ved om ROS-analysen har teke tilstrekkeleg høgde for ulike ulukkescenarior og potensielle dominoeffektar, og om grunnlaget for dei definerte omsynssonene/faresonene knytt til anlegget er godt nok. Fleire innsendarar etterlyser meir detaljerte beredskapsplanar for handtering av ulukker, og utgreiing av eit «worst-case scenario» med total kollaps av ammoniakktanken.

Risikoanalysane er utført av fagkunnige og i samsvar med gjeldande rettleiarar frå DSB. Dette gjeld både ROS-analysen for planforslaget og den underliggjande kvantitative risikoanalysen (QRA), knytt til regelverket i brann- og eksplosjonsvernloven. I samband med ROS-analysen vart det gjennomført arbeidsmøte med deltakarar frå lokale innsatsetatar (politi, brann, kommunal beredskap) der aktuelle scenarior vart diskutert. Den endelege ROS-analysen vart også lagt fram for desse, utan at det kom merknader til denne. Tiltakshavar/konsulentar har også gjennomført analysar for naboverksemdene til Holmaneset for å avdekke kva effekt dei kan ha på anlegget. Dominoeffektar er del av analysane og vil vere ein del av underlaget i søknad om samtykke til DSB.

Etter DSB sine kriteria er ikkje ein total kollaps av ammoniakktanken med i underlaget for utarbeiding av omsynssoner. Dette er fordi sannsynet for at slike store utslepp skjer er for liten, vurdert ut frå sikkerheita i tankdesignet. Analyser av slike hendingar skal likevel leggjast til grunn for utarbeiding av beredskapsplanar i samsvar med DSB sine retningslinjer.

Tiltakshavar informerer om at dei i samband med gjennomførte prosjekteringsfasar har hatt tre separate gjennomgangar av totalsikkerheita for anlegget, basert på DSB si temarettleiing. I desse har ein teke for seg alle system og delkomponentar ved anlegget og vurdert dei med omsyn til funksjonalitet, haldbarheit og samspel med andre komponentar knytt til risiko i form av lekkasjar eller anna. Desse hovudsystema omfattar blant anna straumforsyning, vassleveranse, hydrogenproduksjon med oksygenutslepp, luftspalting med

nitrogenproduksjon, ammoniakkproduksjon med lagring og utskipping. Ut frå resultatata for dei enkelte komponentane vert dette aggregert opp til totalvurderingar for heile anlegget.

Brann- og eksplosjonsvernloven set krav om samtykke frå DSB for bygging og drift av anlegget. Den første samtykkesøknaden vil omhandle bygging av anlegget og må vere godkjent før oppstart av byggjearbeida for sjølv prosessanlegget. Den andre samtykkesøknaden omhandlar drifta og må vere godkjent før produksjonsstart. Søknaden for samtykke om drift av anlegget skal innehalde ei omfattande plan for handtering av alle sider av beredskapen rundt anlegget. I dette ligg internberedskap/industrivern og samkøying med offentlege planar og beredskapsstyrkar på alle nivå. Her skal bemanning og opplæring gå fram, og korleis nødvendig beredskapsstyrke skal finansierast. Beredskapsplanen skal utarbeidast i samsvar med ferdig prosjekterte løysingar og stadfestast i ein bindande beredskapsavtale mellom utbyggjar (Fortescue) og Bremanger kommune. I føresegnene til reguleringsplanen er det sett krav om at det skal ligge føre avtale om samarbeid mellom kommune og tiltakshavar om brannberedskap før igangsettingsløyve til bygging av anlegget kan gjevast. Gjennom ein slik avtale må kommunen sikre at det vert etablert nødvendig beredskap, og at utbyggjar må ta eventuelle meirkostnadar eit behov for oppgradering av den kommunale beredskapen vil medføre. Risikoanalysen og merknadane til denne har også vore vurdert av leiar for brannberedskap i kommunen. Sjølv om det er kommunen sjølv som aktivt må ta stilling til kva som er akseptabel risiko for innbyggjarane, må vi kunne ha tiltru til at overordna mynde (DSB) har ei kvalitetssikring som er tilfredsstillande og ikkje vil gje samtykke til etableringa dersom risikoen ikkje er akseptabel. Til samanlikning er det pr i dag to ammoniakklagringsstadar i tilsvarande storleik i Noreg, i Porsgrunn (Herøya) og Glomfjord. Innanfor 3-4 km radius frå Porsgrunn sine 50 000 innbyggjarar er det 8 storulukkeverksemdar, blant anna Yara som har ein 35 000 t lagringstank for ammoniakk. Dei har også to trykksette lagringskuler med vesentleg storleik og omfattande infrastruktur med trykksette ammoniakkrør. Ammoniaktanken på Holmaneset vil ha ein lagringskapasitet 20 000 t ammoniakk (ca 45 000 m³).

Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk på Holmaneset har i etterkant av høyringsperioden utarbeidd eit notat om ammoniakkutslepp ved planlagt fabrikk på Holmaneset (Sveinulf Vågene og Kaare Finbak, februar 2025), og korleis spreining av ammoniakkgass kan skje. Modellinga som er gjort er forenkla, og tek m.a. ikkje omsyn til topografi og kjemiske reaksjonar når gassen kjem i kontakt med vatn. Fortescue har ikkje lagt fram «worst-case» scenario i samband med planarbeidet, men den kvantitative risikoanalysen (QRA) for anlegget, som skal følgje søknad til DSB om samtykke til bygging, inkluderer alle relevante scenario for tredjepart sin risiko. Risikokonturane som blir utarbeidd inkluderer bidraga frå «worst-case» scenario. Data/modelleringar frå slike scenario og annan sensitiv informasjon vil vere unntekte offentlegheit av tryggleiksomsyn, jf. DSB.

Fleire av merknadane er kritisk til at det ikkje er tilstrekkeleg utgreidd eller tilrettelagt for bruk av biprodukta frå hydrogen- og ammoniakkproduksjonen, varme (kjølevatn) og oksygen. Det blir påpeika at energi går tapt ved utslepp av kjølevatn i sjø, i tillegg til at det kan ha negativ verknad for marint naturmangfald, og at det bør leggjast til rette for nyttiggjering av biprodukta til andre formål.

Det er ikkje konkrete planar for bruk av biprodukta frå produksjonen pr i dag, men Fortescue har vurdert mulige bruksområde for biprodukta. Det blir gjort tiltak for å gjenbruke mest mulig energi internt på anlegget (3MW varme skal gjenvinnast i dampturbin), og det er planlagt å installere ein tilkoplingsmodul (Tie-in) for å legge til rette for framtidig utnytting av biprodukta. I føresegnene til reguleringsplanen er det no sett krav om at det saman med søknad om rammeløyve for anlegget skal ligge føre ei utgreiing som korleis overskotsvarme vert handtert, og kva varmemengder som skal sleppast ut i sjø. Det er lagt føringar om at det skal leggjast til rette for energigjenvinning internt på anlegget, i tillegg til at det skal installerast ein tilkoplingsmodul for framtidig utnytting av overskotsvarme og -oksygen. Fortescue vil vidare framover ha dialog med næringslivsaktørar og andre interessentar som kan vere aktuelle for gjenbruk av biprodukta. Det er ikkje avsett areal til anna verksemd som kan nyttiggjere

biprodukta innanfor planområdet, men det kan vere tilgang til næringsareal for slik verksemd i Tretteskjærvika, om lag 400 m aust for Holmaneset.

Det er i fleire merknader stilt spørsmål ved klimagassrekneskapen for prosjektet, om verknadane av endra arealbruk er teke høgde for og om det er riktig å trekkje verknaden av sluttprodukta inn i ei vurdering av klimapåverknaden av anlegget. Det vert også sett fram påstandar om at straumforbruket ved anlegget vil medføre auka produksjon av fossil energi i Europa, og at denne auken skal reknast inn i klimagassrekneskapen. Rambøll har utført klimagassrekneskapen etter føringane i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941. I konsekvensutgreiinga var det teke utgangspunkt i at arealet med myr også er nedbygt i 0-alternativet (reguleringsplanen frå 2010). Endring i klimagassutsleppa som fylgje av arealbruksendringane på Holmaneset samanlikna med dagens miljøtilstand er også vurdert. I uforstyrta tilstand kan Holmaneset gje eit karbonopptak tilsvarande 2.740 tonn CO₂e (36,5 tonn CO₂e per år). Karbonet som er lagra i skogen på desse områdene tilsvarar 12.350 tonn CO₂e. Den totale effekten av å ikkje ta opp karbon over 75 år og utslepp frå arealforstyringar blir dermed **15.080 tonn CO₂e** for Holmaneset. Dette gjev i løpet av livssyklusen på 25 år eit stipulert nettoresultat på -15,250 mill. tonn CO₂e for tiltaket (korrigert tabell 6-56 i KU), basert på føresetnaden om at grøn ammoniakk vil erstatte «grå» ammoniakk (reduert produksjon) og dermed kutte utslepp totalt.

I fleire av merknadane er det hevda at prosjektet vil ha negativ påverknad på lokal bulyst, og det vert trekt fram at tiltaket vil vere negativt for friluftsliv og medføre bekymringar for tryggleiken. Det vert også uttrykt uro for at det allereie er mykje industri i Nordgulen, og at tiltaket vil gje forsterka industripreg og derfor vere til hinder for framtidig bulyst og tilflytting. Fleire stiller spørsmål ved om Fortescue vil bidra til lokal verdiskaping, eller om arbeidstakarane på anlegget primært vil vere pendlarar som ikkje er busett i kommunen.

Bulyst er ikkje eige tema i konsekvensutgreiinga, men utgreiingstema som friluftsliv, landskap og andre samfunnsverknader vil vere element som påverkar trivsel og dermed bulyst. Konsekvensutgreiinga viser at prosjektet vil ha middels negativ konsekvens for friluftsliv og landskap. I konsekvensutgreiinga for samfunnsverknader er dei kortsiktige (innan 5 år) og langsiktige (meir enn 5 år) konsekvensane av prosjektet på sosiale og økonomiske forhold evaluert. Under punktet «Befolkningsvekst og attraktivitet» (pkt. 6.14.5.2) er prosjektet vurdert å ha liten positiv verknad på kort sikt og middels positiv påverknad på lang sikt. Det er lagt til grunn at det vil vere behov for omlag 520 arbeidarar i anleggsfasen av prosjektet, og mellom 35 til 70 direkte tilsette når anlegget er i drift. Oppdaterte tal etter KU viser at det skal tilsettast 50 til 60 personar direkte på anlegget i driftsfasen, som driftsansvarleg, produksjonskoordinator, prosessingeniør, vedlikehaldskoordinator, mekanikarar, elektrikarar, automasjonsteknikarar, HMS-rådgjevarar m.fl. Tilføring av nye arbeidsplassar er vurdert å bidra positivt til å trekkje yngre arbeidskraft og innbyggjarar til kommunen. Tiltakshavar har understreka at dei ynskjer å vere ein langsiktig industriaktør og arbeidsgjevar i kommunen, og støtte opp under Svelgen og Bremanger som attraktive bu- og arbeidsområde. For å sikre rekruttering vert det planlagt for samarbeid med vidaregåande skular for å tilby læreplassar. Det vil også vere behov for rammeavtalar med lokalt næringsliv for tenester som elektro, røyrlleggjar, reinhald m.m. Den lave arbeidsløysa i kommunen kan gje utfordringar med omsyn til rekruttering og konkurranse om denne typen kompetanse. For at prosjektet skal få positive effektar for busettinga i Svelgen og kommunen elles, vil det difor vere viktig at kommunen, i samarbeid med tiltakshavar og anna lokalt næringsliv aktivt arbeider for å sikre rekruttering og tilrettelegge for busetting.

Energiforbruk, straumprisar, nettkapasitet, kraftbalanse og marknaden for grøn ammoniakk er tema i fleire av merknadane. Vi viser her til «Svar på sentrale og gjennomgåande tema i høringsinnspillene» i notatet frå plankonsulent og tiltakshavar «Merknadsbehandling – områderegulering av hydrogen- og ammoniakkanlegg på Holmaneset i Bremanger kommune», datert 18.02.2025.

Bruk av energi til produksjon av hydrogen og ammoniakk som energiberar vil gje energitap,

men slik produksjon er i samsvar med nasjonale strategiar for grøn omstilling, og energi vil difor bli brukt til dette føremålet framover, uavhengig av om dette skjer i Bremanger kommune eller ikkje. Det er også konkrete planar om å auke energiproduksjonen i kommunen, m.a. har SFE konsesjon på utbygging av Bredvatn kraftverk, som vil gje ei produksjon på 67 GWh/år.

§§8-12

Etter naturmangfaldlova §7 skal offentlege mynde vurdere prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12 ved utøving av mynde, og denne vurderinga skal gå fram av vedtaket. Tilhøvet til naturmangfaldlova er vurdert igjennom konsekvensutgreiinga som er gjort for planen, men kommunen skal likevel gjere ei sjølvstendig vurdering av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §8-12 i saksførebuing og vedtak i saka.

Kunnskap om naturmangfaldet i planområdet, med influensområde, er innhenta frå offentlege databasar (www.naturbase.no) og det er gjort feltundersøkingar både på landarealet og i sjø. Kunnskapsgrunnlaget for naturmangfald på land går fram av kap. 6.4.2 i konsekvensutgreiinga, og for marin økologi i kap. 6.5.2. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilstrekkeleg for planområdet, sjølv om det kan vere noko mangelfullt knytt til prosjektrelatert lysureining og verknaden av auka skipstrafikk på fuglelivet i Tennøyane naturreservat. Ved vurdering av konsekvens for desse områda er «føre-var»-prinsippet lagt til grunn. Innanfor tiltaksområdet er naturmangfaldet tilstrekkeleg kartlagt, slik at «føre-var»-prinsippet ikkje kjem til bruk. Det er ikkje raudlista naturtypar som går tapt som følgje av planen, men ein lokalitet gammal furuskog med liggande død ved, vurdert å ha svært stor verdi, og ein lokalitet gammal furuskog med stor verdi, vil gå tapt. Ein mindre del av ein større tareskogførekost (stortare), vurdert som svært viktig på grunn av storleiken, vil gå tapt som følgje av utfyllinga og kaia (om lag 2 % av den kartlagde tareskogen i Nordgulen og Midtgulen). Tareskogen er til dels i dårleg forfatning då noko av taren er dekkja av epifyttar (plantar som er festa til taren) og sediment. Ålegraseng i Holmesundet, vurdert som viktig, kan bli påverka av tiltaket ved dårlegare lystilhøve og tilslamming, dersom turbiditeten i vatnet aukar som følgje av partikkelavrenning/støv frå anleggsarbeid. Det er i føresegnene sett krav om avbøtande tiltak som skal hindre utslepp og avrenning til sundet. Dei avbøtande tiltaka vil også redusere eventuell påverknad på ålegrasenga ved Litleholmen, vurdert som svært viktig, og blautbotnsområdet ved Meholmen og Litleholmen, vurdert som lokalt viktig. Sjøområdet rundt Holmaneset er vurdert som eit økologisk funksjonsområde for kysttorsk i regionen, på grunnlag av registrert gytefelt, ålegrassamfunn og større tareskogførekost. Det er i samråd med Fiskeridirektoratet sett restriksjonar i høve anleggsdrifta for å hindre negativ påverknad på kysttorsken sin gytesuksess, og lagt føringar for utslepp av oppvarma kjølevatn.

Det er ikkje registrert raudlista dyre-, plante-, mose- eller lavartar innanfor prosjektområdet, men soppen furustokkjuke (nær trua) er observert på seks furutre sør i prosjektområdet. Denne er raudlista på grunn av tap av leveområde, men finnast spreidd over heile landet. Arten er også registrert i Hessvika og på Nesbø, noko som tyder på at det også kan vere fleire aktuelle leveområde for denne arten i kommunen. Det er også registrert hekking av spurvehauk (livskraftig) og mulig hekking av grønnsisik (livskraftig) innanfor det regulerte byggeområdet. I tillegg vart det observert ulike fugleartar på Holmaneset, dei fleste klassifisert som livskraftige på raudlista, men også gråmåke (sårbar) og tretåspett (nær trua). Tjeld (nær trua) og granmeis (sårbar) vart høyrte. Av uønska artar er det registrert rynkerose langs strandlinja i nord.

I konsekvensutgreiinga er også den samla belastninga på økosystema i tiltaks- og påverknadsområdet vurdert. Det er ikkje planlagt eller søkt om andre liknande tiltak i nærområda. Isolert sett vil tiltaket ha negative verknader på naturmangfaldet, på grunn av arealbeslag og tap av habitat. Belastninga på økosystemet er ikkje vurdert som spesielt stor frå før, og tiltaket vil berre auke den samla belastninga i liten grad. I samband med søknad om fylling i sjø vil både Statsforvaltar og Fiskeridirektoratet vurdere behovet for ytterlegare risikovurderingar og tiltak/ oppfølgingsundersøkingar utover dei avbøtande tiltaka det er sett

krav til i føresegnene til planen. Den generelle økologiske tilstanden til Nordgulen er vurdert som "Moderat", og den kjemiske tilstanden er "Dårlig", jf. www.vann-nett.no. Det kan difor ikkje tillatast utslepp som kan hindre at fjorden oppnår "god" økologisk og kjemisk tilstand i framtida.

Dei avbøtande tiltaka, og eventuell økologisk kompensasjon for tap av gammal furuskog, er tiltakshavar ansvarleg for å gjennomføre og ta kostnaden med, jf. naturmangfaldlova §11. Tiltaket skal gjennomførast ved bruk av eigna metodar og teknikkar for å minimere skade på naturmangfald og miljø, jf. krav til anleggsgjennomføring og miljøoppfølgingsplan i føresegnene til reguleringsplanen.

Vurdering av planframlegget

Planen vil ha negative konsekvensar for fleire tema, som naturmangfald, kulturmiljø, landskap og friluftsliv. Gjennom planprosessen er det gjort grep for å redusere fotavtrykket til anlegget, og det er sett krav i føresegnene om avbøtande tiltak for å redusere dei negative konsekvensane, spesielt knytt til naturmangfald. Dei negative konsekvensane av tiltaket er heilt klart reduserte i høve til det som var dei opprinnelege planane for anlegget (alternativ 1). Det er krav til ein omfattande dokumentasjon i samband med søknader om løyve til tiltaket (planar for anleggsgjennomføring og miljøoppfølging, massehandtering, lyssetting, overskotsvarme etc.), og kommunen får då kontrollere at relevante omsyn er tilstrekkeleg ivaretekne. I tillegg vil fylling i sjø krevje ein omfattande søknadsprosess for løyve etter forureiningslova, der dei aktuelle faginstansane vert involverte.

Planframlegget og dei innkomne merknadane vart drøfta tverrfagleg i administrasjonen i møte 14.januar, der m.a. dei ansvarlege for helse, oppvekst og fritid, kommuneoverlegen Jan Helge Dale, leiar for brannberedskapen Robert Endestad og representant frå folkehelseavdelinga (Kristian Bøyum Ulvund) deltok. I møtet vart det mellom anna diskutert om ROS-analysen var tilstrekkeleg, brann- og helsemessig beredskap knytt til planlagt etablering, og om det var avklaringar som måtte på plass før slutthandsaming av reguleringsplanen. Folkehelseavdelinga trekte fram at det var viktig at det vart gjeve riktig informasjon til innbyggjarane om risikoen ved ei etablering, t.d. kor langt ei eventuell gassky kan gå ved ei uønska hending, og at det vert stilt klare krav knytt til faktorar som kan påverke innbyggjarane som støy (anlegg/drift) og lysureining. Leiar for brannberedskap viste til at ei etablering vil gje behov for auka brannberedskap, og at det har vore/er dialog med tiltakshavar om dette. Ei problemstilling ved å auke beredskapen/utvide vaktordningar kan vere å rekruttere/behalde tilstrekkeleg mannskap. For helsemessig beredskap vart det vist til at vegstengingar er påreknaleg og ikkje noko nytt/vesentleg problem knytt til denne etableringa. Dette er noko som vert teke høgde for i beredskapen til helseføretaka (tilgang på ambulansébåt, helikopter etc.). Konsekvensar til tiltaket kan ha for bulyst, og behovet for tilrettelegging for utdanning, bustadtomtar etc. vart også drøfta, og korleis kommunen skal fylgje opp dette framover. Det kom ikkje fram vesentlege merknader til planen eller til manglar ved planframlegget, og heller ikkje innspel om krav som kommunen bør stille knytt til planframlegget.

Endringar som er gjort i plankartet etter offentleg høyring er:

- Vegetasjonsskjerm mot Holmaneset, GV1, er utvida med om lag 6 daa.
- Holmasundet endra frå hamneområde i sjø (VHS1) til naturområde i sjø, VN.
- Storeholmen og ytst på Holmaneset er endra frå GN1/GN2 (grøntstruktur/ naturområde) til LNA (LNF – naturområde).
 - Lagt inn omsynssone «bevaring kulturmiljø», H570, på heile Storeholmen
 - Omsynssone «bevaring naturmiljø», H560_2 og H560_3 er slått saman og utvida til å omfatte heile vegetasjonsskjermen vest på Holmaneset.
 - Lagt inn eit nytt føresegnsområde #5 som viser område der det kan gjerast inngrep i samband med opparbeiding av vegareal (tilkomstveg)
 - Lagt inn eit nytt føresegnsområde #6 som definerer kvar inntaks- og utsleppskablar og rør for kjølevatn skal lokaliserast.
 - Føresegnsområde #3 ytst på neset er redusert innanfor byggjeområdet, og på del

av arealet er opna for utbygging, byggjehøgde inntil kote 10 moh.
Definert ei sone med byggjehøgde til inntil kote 29 moh.

Endringar som er gjort i føresegnene er:

Pkt. 2.1. Presisert støykrav for driftsfasen og anleggsfasen.

Pkt. 2.2. Lagt inn krav om utgraving av kulturminne, i samsvar med krav til ordlyd frå fylkeskommunen.

Pkt. 2.5 Krav om avbøtande tiltak for å sikre betre skjerming av Holmasundet er konkretisert i føresegnene, m.a. krav om at området skal sprengast ut slik at mest mulig av arealet drenerer mot Olavika i anleggsperioden, krav om sedimentasjonsbasseng på land, og siltgardin, sjeté eller tilsvarande, på tvers av Olavika for å redusere tilførslane av jord og sprengsteinstøv til sjø.

Pkt. 3.1 j) Sprenging vest i delområdet, nær Holmasundet, skal skje på ein skånsam måte (bruk av sprengingsmattar, fangnett, retningsbestemt ladning, e.l.), slik at ein unngår tilførslar av sprengstein til Holmasundet.

Pkt. 2.6 Endra ordlyd etter dialog med Fiskeridirektoratet:

Det er tillate med utfylling i sjø innanfor føresegnsområdet #1 i nødvendig omfang for å gjennomføre tiltaket. Tiltak som utfylling i sjø, sprenging i sjø og andre tiltak som kan redusere gytesuksessen til kysttorskbestanden skal ikkje utførast i perioden 1.januar til og med 15. juni. Alternativt må det iverksetjast avbøtande tiltak for å forhindre vesentleg påverknad på gytesuksessen i samband med denne typen arbeid. Det skal dokumenterast av fagkunnige at dei avbøtande tiltaka vil føre til at påverknaden vil vere innanfor akseptable tolegrenser. Utfylling i sjø og andre tiltak i sjø som kan påverke tryggleiken eller ferdsla i farvatnet, krev løyve frå hamnemynde jf. hamne- og farvasslova §14. Utfylling og tiltak i sjø treng òg løyve frå forureiningsmynde jf. forureiningslova §11.

Utfylling i sjø skal skje i samsvar med geotekniske vurderingar og råd utarbeidd av fagperson.

Tiltak i sjø skal utførast på ein skånsam måte. Tiltak som kan medføre vesentlege negative konsekvensar for kysttorskbestanden i området kan ikkje setjast i gong før nødvendige avbøtande tiltak er iverksett. Omfanget og innretninga på dei avbøtande tiltaka skal beskrivast i søknad om utfylling og mudring og godkjennast av Statsforvaltaren i Vestland jf. forureiningslova §11 og forureiningsforskrifta kapittel 22.

Pkt. 2.12b) Krav, knytt til massehandteringsplan ved søknad om rammeløyve, om gjenbruk eller gjenvinning av massar, og at berre massar som ikkje kan gjenbrukast skal leverast til deponi.

Pkt. 2.12e) Krav om at handtering av overskotsvarme skal utgreiast ved søknad om løyve, og at det skal leggjast til rette for energigjenvinning internt på anlegget og for framtidig utnytting av overskotsvarme og –oksygen

Pkt. 3.1 Presisert krav til maks kotehøgde for bygg og installasjonar (pkt. b, c og d).

Pkt. 3.4 Naturformål (LNA1 og LNA2) med same føresegn som tidlegare pkt. 3.3 for GN1 og GN2.

Pkt. 3.5 Naturområde i sjø (VN): Ikkje tillate å tilføre sprengstein eller massar som fylgje av anleggsgjennomføringa.

Pkt. 4.1 For faresone brann-/eksplosjonsfare (H350) er det presisert nærare kva som kan tillatast.

Pkt. 3.2 Omsynssone bevaring kulturmiljø (H570), ny føresegn.

Pkt. 5.1 Føresegn for nye føresegnsområde #5 og #6.

Pkt. 6.2.2 Krav om navigasjonsinstallasjon på Tretteskjæret

Pkt. 6.2.3 Krav om godkjent løysing for vassforsyning og avløp før bruksløyve for bygningar og anlegg.

Pkt. 6.3 Presisert at området ikkje skal kunne nyttast til anna enn hydrogen- og ammoniakkproduksjon, og at ved utbygging til dette formålet i mindre skala enn det som er planlagt er det rekkefølgekrav og krav om detaljregulering før

område BI2 kan takast i bruk.

I tillegg er det gjort nokon mindre justeringar og presiseringar for å imøtekomme merknad frå Statsforvaltaren og for at føresegnene skal vere så klare og tydelege som råd.

I planomtalen er endringane som er gjort i plandokumenta lagt inn i eit nytt kap. 2. I tillegg er det gjort mindre endringar i samandraget (kap. 1), og endringar i KU knytt til naturmangfald (kap 8.1.2) er oppdatert.

Statsforvaltaren legg i si fråsegn til grunn at det vert lagt inn eit rekkjefølgjekrav som sikrar at det ikkje vert starta terrengopparbeiding før alle løyve og avklaringar er på plass. Dette er for å hindre at naturen vert bygt ned utan at det samfunnsnyttige tiltaket vert realisert. Kommunen har ikkje heimel i plan- og bygningslova til å krevje at ein privat part må gjennomføre ei reguleringsplan. Risikoen for at planen ikkje vert gjennomført vil såleis vere der sjølv om konsesjon frå NVE, samtykke frå DSB og løyve etter forureiningslova er gjeve. Eventuelle løyve til tiltak fell bort dersom ikkje tiltaket er starta innan tre år frå løyve er gjeve eller dersom arbeidet vert innstilt i meir enn to år, jf. plan- og bygningslova § 21-9. Dette skal til ei viss grad sikre at igangsette arbeid vil bli fullført eller tilbakestilt. Tiltakshavar informerer om at nødvendige ressurser til gjennomføring av prosjektet vil vere sikra dersom Fortescue tek avgjerd om investering, og at det difor ikkje er reellt behov for å stille rekkjefølgjekrav knytt til gjennomføring av eit eventuelt anleggsarbeid. Ei slik avgjerd må vere gjort før anleggsarbeidet kan setjast igong og etter deira vurdering eliminerer dette risikoen for at eit påbegynt tiltak ikkje vil gjennomført. Dei påpeikar at eit slikt rekkjefølgjekrav vil gje store forseinkingar ved ei eventuell utbygging, og at det i dialog med NVE og DSB ikkje er noko som tyder på at dei ikkje vil gje nødvendige godkjenningar. Det er difor ikkje gjort endringar i føresegnene med omsyn til krav om nødvendige godkjenningar før oppstart av anleggsarbeid. Dersom det er mulig bør det likevel sikrast ein økonomisk garanti for at området vert rydda og tilbakestilt så langt som råd dersom det likevel skjer noko etter oppstart av anleggsarbeid som gjer at anlegget ikkje vert realisert. Etter plan- og bygningslova §21-5 har kommunen ei samordningsplikt i høve annan mynde, og kan vente med å avgjere søknad om løyve fram til det t.d er gjeve løyve frå brannvernmyndigheit og ureiningsmyndigheit.

Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakfabrikk på Holmaneset sette 27.10.2024 fram krav om ny høyring, då dei meiner det er uklart kva som vart vedteke om Holmaneset i den overordna arealplanen og dei viser til at oppdatert kommuneplankart ikkje var tilgjengeleg i saka. Dei viser også til opplysning i plandokumenta om at anlegget kan selje hydrogen direkte, utan at det ytterlegare avklara i planen. Folkeaksjonen har gjenteke kravet om ny høyring i brev datert 15.12.2024, der det er vist til at det i oversendinga frå kommunen til Statsforvaltaren i Vestland kjem fram opplysningar som ikkje har vore kjent i samband med høyringa av områdereguleringsplanen, m.a. knytt til vurdering av alternative lokaliseringar. Dei meiner det er ein grov feil at kommunen som planmynde ikkje har sytt føre at alternativvurderingar var gjort før politisk handsaming av planen, og forutset ny høyring av planen. I brev datert 08.01.2025 etterlyser dei svar på kravet om ny høyring, og meiner at kommunen har lagt fram vesentlege opplysningar i si tilbakemelding til Statsforvaltaren slik at dette utløyser plikt til ny offentleg høyringsrunde. Dei viser til rettleiaren til reguleringsplan på regjeringa sine nettsider og føremålsparagrafen til plan- og bygningslova. Dei meiner også at det må gjerast ytterlegare konsekvensutgreiingar i saka.

Ved handsaming av arealdelen til kommuneplanen for Bremanger i kommunestyret 15.10.2024 vart industriområde og bandleggingssona ved Holmaneset redusert for å tilsvare planframlegget for områdereguleringsplanen: «Bandleggingssona og næringsområdet ved Holmaneset vert redusert tilsvarande det som ligg i planforslaget frå tiltakshavar, der Medholmen, Storholmen og sundet ikkje er med.» Planframlegget er såleis i samsvar med den vedtekne overordna arealplanen. Vedtak av arealdelen til kommuneplanen er utlyst offentleg, og plandokumenta er tilgjengelege via nettsida <https://arealplaner.no>.

I rettleiaren for reguleringsplan (2022) står det i pkt. 3.5.3 at «Forslagsstiller eller kommunen skal sende eventuelle tilleggsutredningar på høring til de som har gitt uttalelse til planforslaget med konsekvensutredning med frist på minimum to uker». Plan- og bygningslova set ikkje eit klart krav om ny høyring/offentleg ettersyn ved endringar i planframlegg. Det vil likevel kunne vere i strid med krava til handsaming av plan (pbl. §§12-10 og 12-12) og om krava til medverknad (pbl. §5-1) dersom kommunen vedtek ei plan der det er gjort endringar med vesentleg verknad for arealbruken, utan at høyringsinstansane og andre som vert råka av endringa har fått høve til å uttale seg. Det er likevel ikkje slik at ei kvar endring vil utløyse krav om ny høyring, og det kan gjerast mindre endringar i planforslaget, blant anna for å imøtekomme innkomne merknader frå høyringa og ettersynet, utan at saka må til ny offentleg høyring/ettersyn. I dette tilfellet er det ikkje gjort endringar i arealbruken. Det er gjort nokon mindre endringar i konsekvensutgreiinga, utan at dette påverkar dei samla konsekvensane i vesentleg grad, og nokon mindre endringar og presiseringar i plankart og føresegner. Endringane som er gjort i plankartet endrar ikkje arealbruken, og er gjort for å imøtekomme merknader og for å betre sikre områda det ikkje skal gjerast inngrep i. Endringane i føresegner er i hovudsak for å setje meir konkrete krav til avbøtande tiltak og dokumentasjon. Tilleggsutgreiingane som er gjort kring lokaliseringsval medfører ikkje endringar i planen, og er berre eit supplement. Vi kan ikkje sjå at endringane som er gjort er vesentlege eller at dei ville påverke synspunkta til dei som har merknader til planen, og ser såleis ikkje kva ny informasjon ei eventuell ny høyring vil kunne tilføre.

Mattilsynet skriv også i sin merknad (datert 31.10.2024) at det bør vurderast ei ny høyringsrunde sidan vassforsyninga ikkje var avklara før planen vart sendt på offentleg høyring, i tillegg til at det vart lagt fram to ulike planframlegg i høyringsrunden. Dei alternative løysingane for drikkevassforsyning var utgreidd i planen, og før slutthandsaming av planen er det avklara at vassforsyninga vil bli avsalting av sjøvatn. Vassforsyninga vil vere godkjenningsspliktig etter drikkevassforskrifta, og Mattilsynet vil då få høve til å vurdere om dei planlagde løysingane er gode nok.

Det vil alltid kunne gjerast meir omfattande utgreiingar i eit planområde, spesielt i høve til overvaking/kartlegging av naturmangfald over tid. Kartleggingane og utgreiingane er gjort av eit breitt spekter med fagkunnige, i samsvar med tilrådd metodikk for slike vurderingar. Ut frå dette er planframlegget vurdert å vere godt nok utgreidd til å kunne gjere ei endeleg vurdering av tiltaket, og med endringane som er gjort ivaretek planen nødvendige omsyn så langt det let seg gjere. Det er sjølvstøtt fleire utfordringar knytt til planen. Dei sterke protestane frå ein del av lokalbefolkninga viser at det er store interessemotsetnader, m.a. konsekvensane for naturmiljø, friluftsliv, landskap og beredskap sett opp mot ynskjet om å tilrettelegge for grøn omstilling, utvikling og nye arbeidsplassar i kommunen. Kommunen må vege fordelar og ulemper ved tiltaket opp mot kvarandre ved handsaming av planen, og avgjere om risikoen ved eit slikt anlegg er akseptabel. Det er frå før to storulukkeverksemder i kommunen, der Elkem Bremanger klart er den med størst skadepotensiale. I høve beredskapen må det vurderast om kommunen ynskjer ytterlegare ei storulukkeverksemd i kommunen.

Bremanger kommune si hovudutfordring er folketalsutvikling og demografi. Vi vert stadig fleire eldre og får færre yrkesaktive innbyggjarar. For å skape vekst og utvikling treng vi tilflytting. Dersom vi ikkje lukkast, vil det ikkje vere mogleg å oppretthalde tenestenivå og -struktur i framtida. Vi må difor leggje til rette for vekstnæringar som representerer høg verdiskaping som baserer seg på kommunen sine naturgjevne fortrinn. Kraftproduksjonen, både vatn og vind, er kanskje det største konkurransefortrinnet vi har. Å få utnytta denne lokalt for å sikre størst muleg verdiskaping og utvikling, vil vere avgjerande i arbeidet med å snu dei negative trendane.

For å få ut potensialet i høve positive verknader av tiltaket må det og leggast ned ein stor innsats i å leggje til rette for rekruttering av arbeidskraft og kompetanse, og det må setjast i verk tiltak for auka busetting både gjennom å gjere tilgjengeleg tomte/bustadar og ved viktige trivselstiltak som sosiale møteplassar m.m. Dette arbeidet har kommunen alt starta.

Gjennom Kyotoavtalen og Parisavtalen har Noreg forplikta seg til å redusere klimagass-utslepp kraftig innan 2030 og 2050. Ammoniakk som energiberar er forventa å vere ein viktig del av energimiksen, ikkje minst i høve skipsfarten.

Dei positive verknadane tiltaket kan få for befolkningsvekst, attraktivitet og lokal næringsverksemd, er saman med omsynet til grøn omstilling lagt til grunn for sluttbehandling og forslag til vedtak i saka. Med grunnlag i dette, og i utgreiinga ovanfor, tilrår kommunedirektøren at planframlegget for «Områderegulering Holmaneset», planid. 202301 blir vedteke, med dei endringane som er gjort etter offentleg ettersyn.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Sidan områderegulering er kommunen sin plan er det ikkje høve å ta gebyr for planarbeidet. Planarbeidet er utført av eksterne konsulentar, som tiltakshavar har engasjert og teke kostnaden med. Kommunen sine kostnader er knytt til eiga oppfølging av plansaka og sakshandsaming av planen.